

## **ORIENTERING OM KLAGEADGANG**

### **KLAGEORGAN**

Ein kan påklage enkeltvedtak fatta av Kystverket til Nærings- og Fiskeridepartementet, jf. forvaltningslova § 28.

Klagen skal sendast til Kystverket med e-post til [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no) eller med post til Kystverket, Postboks 1502, 6025 ÅLESUND.

### **KLAGEFRIST**

Klagefristen er 3 veker frå den dag dette brevet kom fram, jf. forvaltningslova § 29. Det er tilstrekkeleg at klagen er postlagt innan fristen sitt utløp. Kjem klagen for seint kan Kystverket sjå bort frå klagen. Ein kan søke om forlenga frist, men lyt då grunngje årsaka til dette, jf. forvaltningslova §§ 29 og 31.

### **KLAGEN SITT INNHOLD**

Klagen må innehalde følgjande, jf. forvaltningslova § 32:

- kva for eit vedtak det vert klaga på
- den eller dei endringar som ein ynskjer
- eventuelle andre opplysningar som kan ha betydning for vurderinga av klagen.

I tillegg bør ein nemne dei årsaker klagen støttar seg til. Klagen må vere signert.

### **UTSETTING AV GJENNOMFØRING AV VEDTAKET**

Sjølv om det er klageadgang på eit vedtak, kan vedtaket vanlegvis verte gjennomført straks. Førsteinstansen, klageinstansen eller anna overordna organ kan bestemme at vedtaket likevel ikkje kan verte iverksett før klagefristen er ute eller klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Ein kan søke om å få utsett gjennomføringa av eit vedtak til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort, jf. forvaltningslova § 42. Grunngeven søknad sender ein til den etat som er førsteinstans for vedtaket. Ei avgjersle om oppsetjande verknad kan ikkje verte påklaga.

### **RETTE TIL Å SJÅ SAKSDOKUMENTA OG TIL Å KREVJE VEGLEIING**

Med nokre avgrensa tilfelle har ein part rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova §§ 18 og 19. Parten må i tilfelle ta kontakt med Kystverket. Ein vil då få nærmare vegleiing om adgangen til å klage, om framgangsmåten og reglane i sakshandsaminga.

### **KOSTNADAR VED KLAGESAKA**

Ein part kan krevje dekning for vesentlege kostnadar i samband med klagesaka, jf. forvaltningslova § 36. Føresetnaden er då vanlegvis at det organet som trefte det opphavelige vedtaket har gjort ein feil slik at vedtaket vert endra.

Ein kan og søke om å få dekt utgifter til naudsynt advokathjelp etter reglane om fritt rettsråd. Vanlegvis gjeld visse grenser for inntekt og formue. Klageinstansen eller parten sin advokat kan gje nærmare opplysning om dette.

### **KLAGE TIL SIVILOMBODET**

Meiner ein seg utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan ein klage til Stortinget sitt ombod for forvaltninga (Sivilombodet). Sivilombodet kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka og om det er gjort eventuelle feil eller forsøming.